

Krev ny støyvurdering

02.02.2010



Kommuneoverlege Trygve B. Torjusen ber om ny støyvurdering. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kommuneoverlege Trygve B. Torjusen og miljøretta helsevern ved ingeniør Knut Evjen ber om at det blir utført ei ny støyvurdering i samband med sandtak-planane i Uskedalen. Dei påpeikar at det manglar ei**

**støyfagleg utgreiing med berekning og kartfesting av støysoner. Dokumentasjonen av støy må utarbeidast av firma med støyfagleg kompetanse og vera uavhengig part i saka.**

Torjusen og Evjen held fram at knuseverket må få ei fagleg vurdering ved plassering av anlegget slik at bustadane i området blir mest mogeleg skjerma for støv og støy frå anlegget.

Med omsyn til støv spør dei to om sandflukt frå uttaket og støv og sandflukt ved transport er vurdert.

Torjusen og Evjen meiner ellers at konsekvensutgreiinga er svak med omsyn til vurdering av trafikktryggleiken langs fylkesvegen 47 og fram til fylkesveg 48 for mjuke trafikantar og auken av tunge køyretøy. Planen må gjera greie for korleis tryggleiken for mjuke trafikantar skal bli sikra. I tillegg til at vegen blir nytta som skuleveg for barn og unge, blir den også nytta utanom skuletida for å komma til fritidsaktivitetar og venner samt turveg for både gåande og syklande. Uttransporten av sand vil variera og Torjusen og Evjen meiner at heller ikkje dette punktet er tilstrekkeleg utgreidd.

Av Ola Matti Mathisen